

ANDERS SVOR MUSEUM

1953 - 2003



JUBILEUMSSKRIFT

JUBILEUMSSKRIFT

Anders Svor Museum 50 år

Jubileumsskrift

Utgitt av Anders Svor Museum, Hornindal
i samarbeid med Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde
i samband med Anders Svor Museum sitt 50-års jubileum 2003.

Jubileumsnemnda:

Paul O. Tomasgard

Elsa Eilertsen Raftevoll

Anne Raftevoll

Berit Hisdal Lunde

Morten Johan Svendsen

Redaksjonskomite:

Paul O. Tomasgard, kultur- og oppvekstsjef i Hornindal kommune

Ola P. Svor, styreleiar Anders Svor Museum

Berit Hisdal Lunde, dagleg leiar Anders Svor Museum

Morten Johan Svendsen, direktør Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Foto:

Stein Sandemose Bårdsen

Lay out:

Stein Sandemose Bårdsen

© Anders Svor Museum, 2003.

INNHALD

Føreord	side	9
Paul O. Tomasgard:		
Bilethoggaren Anders Svor	side	10
Reisinga av museet i Hornindal	side	12
Opninga av Anders Svor Museum	side	13
Tilbakeblikk	side	14
Etterord	side	20
Ola P. Svor:		
Tilvekst til samlinga	side	22
Bronsefigurer, gaver og fond	side	26
Vedlikehold av samlinga	side	28
Morten Johan Svendsen:		
Anders Svor i kunsthistoria	side	35
Berit Hisdal Lunde:		
Framtida til museet	side	39
Styreleiarar 1953 - 2003	side	40
Publikasjonar	side	40
Oversikt over den viktigste tilvekst	side	41



Sjølportrett, ukjent årstal, bronse, Anders Svor Museum

FØREORD

Den 12. juli 1953 vart Anders Svor Museum høgtideleg opna av ekspedisjonssjef i Kyrkje- og undervisningsdepartementet Olaf Devik. I år har museet såleis vore i drift i 50 år. Gjennom desse åra har tusenvis av menneske frå inn- og utland vitja museet og hageanlegget for å skode og beundre arbeida til denne bygdeguten som nådde så langt på kunstnar-vegen.

Som 17 åring reiste Anders Svor frå bygda til det ukjende i Kristiania, og seinare til utlandet, for å utvikle dei kunstnarevnene som låg i han. Hos kjende og dyktige lærereistrar fekk han hjelp og inspirasjon til å bli ein skapande og sjølvstendig kunstnar. Bilethoggarlivet skulle bli framtida hans. Mesteparten av sitt skapande arbeid utførte Anders Svor på atelieret sitt i Oslo, men då livsvegen var til endes, vende han heim. Etter kvart er også mesteparten av kunsten han let etter seg, samla i hans eige museum i Hornindal.

Det var eit tungt løft, i ei trong tid, å få reist museet over Anders Svor sin kunst. Ved denne 50-årsmarkeringa går difor takka til dei som stod i fremste rekkje for å få realisert prosjektet. Gløymast må heller ikkje dei som seinare på ulike måtar har ytt sitt for å utvikle museet - gjere det betre og meir fullstendig. Siktemålet har heile tida vore å gjere Anders Svor sitt livsverk meir kjent, til heider for kunstnaren sjølv og til glede og inspirasjon for framtidige generasjonar.

Jubileumsskriftet er ein del av 50-årsmarkeringa. Vi vonar at dette vesle skriftet kan vere med å auke kunnskapen om Anders Svor som kunstnar og skape meir interesse om kunsten og det livsverket han skapte. I ulike artiklar omtalast kort Anders Svor sitt liv og virke, arbeidet med å få reist og utvikla museet, spesielle hendingar i museet si 50-årige historie, kunstnaren sin plass i kunsthistoria og tankar om framtida for museet.

Hornindal kommune er glad og stolt over å ha eit museum som Anders Svor Museum. På ein unik måte er det med på å presentere litt av mangfaldet i det rike kunst- og kulturlivet vi har å vise fram i vår del av landet. Vårt ønskje er at Anders Svor Museum også i framtida vil nyte godt av enkeltpersonar og samfunnet sitt engasjement og innsats, slik at det kan utvikle seg til beste for ålmenta og vere til inspirasjon for mange.

Hornindal i juni 2003

For jubileumsnemda,
Paul O. Tomasgard

Paul O. Tomasgard :

BILETHOGGAREN ANDERS SVOR

Anders Svor vart fødd i Hornindal den 14. desember 1864. Både på fars- og morssida ætta han frå gamle, gåverike bondeslekter i bygda der kunstnargivnaden hadde vist seg på ymse vis tilbake i generasjonane. Fleire hadde vore dugande felespearar og songarar og om morfaren – Ola Knutson Seljeset - skriv Knut Svaar Seljesæter slik i Ættebok for Hornindal: "Han var svært flink snikkar, målar og smed. Arbeidet kunstnerisk utført". Alt som ung gut viste Anders evner utanom det vanlege med treskjerjing. Knivskaftet som han visstnok skar ut under arbeid i gjetarskogen, og som no er på Svormuseet, er eit framifrå døme på det.

Det skulle vere vegdirektør Hans H. Krag som, på embetsreise i bygda fekk sjå arbeid Anders Svor hadde laga, rådde han til å søkje kunstutdanning. 17 år gammal, på nyåret i 1882, reiste han til Kristiania og fekk plass som treskjerar ved Brødrene Hals' pianofabrikk. Der arbeidde han i to år. I denne tida var han også elev ved Den Kgl. Tegneskole, der han hadde Julius Middelthun som lærar i modellering.

I åra 1886-1892 heldt han seg i København. Den første tida var han elev hjå bilethoggar Stephan Sinding, seinare elev og marmorhoggar hjå professor Vilhelm Bissen. I åra 1886-1888 finn vi han som student ved København Kunstakademi, der han mellom anna hadde professor Theobald Stein som lærar.

Det var under opphaldet i København han fekk sitt kunstnarlege gjennombrøt som bilethoggar. I 1891 stilte han ut David på den internasjonale kunstutstillinga i Berlin, og fekk gullmedalje. Seinare deltok han på fleire kunstutstillingar i Kristiania, København, Paris og Chicago. Det var i samband med ei utstilling i den siste byen at David vart øydelagd under heimtransporten.


I 1891 vann han også konkurransen om Tordenskioldmonumentet i Kristiania, men det enda med at ein annan fekk oppdraget. Dette var eit stort vonbrøt for Anders Svor. Det har vore sagt at etter dette nederlaget verka det som om noko av friskheita og djervskapen i kunsten hans vart avløyst av eit meir stillferdig og vemodig drag.

Etter København-tida reiste han tilbake til heimbygda for ei kort tid, men i 1893 var han tilbake i Kristiania att. Eit kunstnarstipend gjorde at han kunne opphalde seg halvtanna år i Paris, i 1894/95. Deretter slo han seg ned i Kristiania for godt med unnatak av korte periodar då han tok seg arbeid ved Nidarosdomen. Han hadde atelieret og bustaden sin i St.Olavsgt. 24, "Alfheimgården". Der levde han einsam og materielt fattig i arbeid med kunsten sin til han døydde av hjernebløding, truleg 2. mai 1929, 64 år gammal. Båra hans vart ført til Hornindal,

der han vart gravlagd på kyrkjegarden i heimbygda.

Anders Svor levde i ei tid då det var lite med arbeidsoppgåver for bilethoggarar. Han fekk sjeldan større oppdrag, men ein del av dei større og meir kjende kunstverka finn vi likevel i dag i nokre av byane våre. I Oslo har vi Bylgja, som står i Skillebekkparken, Etter badet finn vi ved Bislett bad og Ein symjar i Kampen park. Forliste sjømenn står i Porsgrunn og Diskoskastaren ved Melløs stadion i Moss. Nemnast kan også løva over kongeinngangen i Nasjonalteatret.

Meir kjend er gjerne statuen av Svend Foyn (1914) i Tønsberg. Gustav Vigeland skal ha karakterisert dette kunstverket som "en av de aller beste portrett-statuer i Norge". I sin tale ved Svor-museet i 1965 sa Francis Bull dette om statuen av Svend Foyn: "Da Anders Svor endelig fikk denne store oppgaven, hadde han vel vunnet igjen noe av den freidigheten som lenge hadde syntest å være forsvunnet hos ham. Svend Foyn er trygg, han vet hva han er, og hva han vil. Anders Svor visste også alltid innerst inne hva han ville; men det hadde ikke vært lett å realisere det. Først med Svend Foyn greidde han det helt".



David, 1889/1890, gips . (Tapt)

REISINGA AV MUSEET I HORNINDAL

Anders Svor døydde brått og uventa. I atelieret hans i Oslo etterlet han seg om lag 450 skulpturar, alle i gips eller leire, så nær som nokre få som var støypte i bronse. Mesteparten av arbeida var små figurskisser og utkast, men også ein heil del ferdige kunstverk. Spørsmålet var no kva som skulle gjerast med alle desse skulpturane? Dei fem gjenlevande søskena arva det han let etter seg. Dei vart samde om at samlinga skulle heim til Nordfjord. Broren Ola Svor kom seinare til å stå sentralt i arbeidet med å ta vare på kunsten.

Lærer Sivert Svaar-Seljesæter i Oslo, eit søskenbarn av Anders Svor, tok seg i første omgang av samlinga i atelieret i St.Olavs gate. Tanken om eit museum i Hornindal kom snart opp. Det vart bestemt at kunstverka skulle fraktast til heimbygda og i første omgang lagrast i den gamle Ljorestova på heimegarden i Svor. Sivert Svaar-Seljesæter tok på seg arbeidet med å ordne med pakking og heimsending av alle skulpturane. Transporten vart utført av lastebilar frå Nordfjord, som om somrane gjorde turar til hovudstaden og tok skulpturane med i retur. Å få frakta alle dei 450 kunstverka trygt frå Oslo til Hornindal, med tilfeldige bilar, skulle vise seg å bli eit stort og omfattande tiltak som kom til å strekke seg over fleire år.

I den gamle Ljorestova i Svor stod figurane tett samanstuva og i stendig fare for brann. Vasslekasjar var uheldig for gipsarbeida. Ei tidhøveleg og branntrygg bygning på ein sentral stad i bygda måtte berre kome. Tomt vart peika ut i Årane og appellar om å stø tiltaket vart sett fram av fleire kjende kulturpersonar i landet. 1930-åra var ei økonomisk vanskeleg tid, både for bygd og land, og det viste seg tungt å vinne særleg oppslutning for tanken om eit eige museumsbygg. I slutten av 1930-åra var ein komne så langt at arkitekt Torgeir Alvsaker i Bergen hadde gjort teikningar av eit museumsbygg, kostnadsoverslag var utarbeidd, tomta var klar, men framleis stod det tyngste løftet att – å makte ei forsvarleg finansiering av bygget.

Ved gåvebrev overdrog arvingane i 1941 skulptursamlinga vederlagsfritt til Hornindal herad på vilkår av at det vart reist eit eldfast museumsbygg. Heradstyret valde ei byggenemnd på tre personar med distriktslege Wexelsen-Freihow som leiar. Etter at han flytta frå distriktet i 1948, overtok Kaare Maurset dette vervet. Ola Svor, som hadde vore den fremste forkjemparen for å få reist eit museumbygg, var rådgjevar.

Tilhøva under krigen gjorde det vanskeleg å få gjennomført planane, og i dei første etterkrigsåra var det mange andre presserande behov som måtte løysast først. Byggenemnda såg reisinga av museet som ei folkesak som gjekk vidare enn til heradet åleine. Nemnda vende seg difor til ideelle lag og organisasjonar i distrik-

tet, til privatpersonar og til offentlege instansar. Ein del pengegåver tilflaut tiltaket etterkvart, men kostnadsoverslaget hadde auke til det tredoble frå før krigen og fullfinansieringa var tung å få på plass. I 1949 vende så byggenemnda seg til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Dåverande statsråd Lars Moen og ekspedisjonssjef Olaf Devik ville gjerne hjelpe. Ei eiga sak vart lagt fram for Stortinget som vedtok å løyve 50.000 kr. i lån frå Opplysningsvesenets fond. I februar 1950 kunne så Hornindal heradstyre gjere vedtak om å setje i verk byggearbeidet.

Byggegropa vart greven ut sommaren 1950, men først i 1951 vart byggeløyve gjeve av Forsyningsdepartementet. Byggearbeidet tok til same hausten. Murmeister Ivar Nord frå Nordfjordeid, hadde hovudentreprisen, snikkar Andreas Strand frå Hornindal utførte takverket og trearbeidet og glasmeister Olav Ellingsen i Ålesund, som hadde gjeve alt glastilfanget til bygget, monterte også dette. Hausten 1952 var bygget på 9,3 x 14 m så godt som ferdig, og samlinga vart flytta inn tidleg i 1953.

Det skulle såleis gå vel 20 år frå Anders Svor døydde til eit museumsbygg, på ein verdig måte, kunne presentere bilethoggaren og livsverket hans i heimbygda. Det hadde vore mange vonbrot, mykje strev og tunge stunder for dei som hadde stått i bresjen for å få realisert tiltaket, men dei hadde aldri gitt opp tanken om at eit eige museumsbygg ein dag skulle verte ein realitet. Til slutt gjekk draumen i oppfyllding.

OPNINGA AV ANDERS SVOR MUSEUM

Høgsommardagen den 12. juli 1953 var solfylt og varm. Mykje folk strøymde til frå nær og fjern for å vere med denne høgtidsdagen for å heidre bygda sin store kunstnar, Anders Svor. Etter høgmesse i Hornindal kyrkje ved sokneprest Kåre Time gjekk vegen til det nye museumsbygget i Årane. Folket samla seg ute, i søraustenden av bygget, der det var rigga til talarstol og utsett benkar og stolar på grasbakken der folk kunne få sitje.

Kåre Grodås, som då var formann i Hornindal ungdomslag, var stemneleiar. Hornindal musikklag sytte for musikk og Markane mannskor bidrog med songinnslag. Etter at ordfører Ivar O. Melheim hadde ønskt velkomen til høgtidss-tunda, bar lærar Ola Løset frå Volda fram ein prolog han hadde skrive for dagen. Formannen i byggenemnda, Kaare Maurset, orienterte om arbeidet med bygget og på vegne av nemnda overleverte han dette til Hornindal kommune.

Ekspedisjonssjef, dr. Olaf Devik helsa frå statsråd Moen og takka alle som hadde vore med å reise Svor-museet. Mellom anna sa han at det ikkje er så ofte staten var med og reiste eit museum for ein einskild kunstnar sine verk, men i dette tilfelle var det rett å gjere det. "En betydelig kunstner eies nemlig verken av ætten eller

bygda, men av landet", sa Devik.

Redaktør og tidlegare stortingsmann og medlem av komiteen for kunst og kultur, Christian S. Oftedal, heldt hovudtalen. Han tok utgangspunkt i Arne Garborg sine ord: "Heimkomen son". Vidare gav han uttrykk for at Anders Svor sin kunst vitna om det rotekte, skapt etter "fridommens fullkomne lov"... "og skal mane oss til å strekke oss etter det høyeste".

Lærer Knut Svaar-Seljesæter i Bergen drog fram minne frå barndomstida på Svor-gardane, og Arne Lødøen og Per O. Svor bar fram helsingar frå slektningane til kunstnaren.

Etter dette sa ekspedisjonssjef Devik Anders Svor Musum for offisielt opna, før stemnelyden til slutt song "Ja, vi elsker dette landet". Ei rekkje personar var så Hornindal kommune sine gjester ved eit festleg samvære på Raftevolds hotell.

TILBAKEBLIKK

Ved eit 50-årsjubileum er det aktuelt å sjå tilbake på dei åra som har gått sidan Svor-museet vart opna. Naturlege spørsmål å stille er: Korleis har utviklinga vore, kva med besøk, drift, nyvinningar ved museet, spesielle markeringar desse åra? Korleis er tilhøva i dag, har museet vorte det ein vona det skulle bli? På ulike måtar skal eg i det etterfølgjande prøve å drage fram ein del eksempel som fortel om Svor-museet sidan opninga i 1953. Ola P. Svor sine artiklar i dette skriftet gjev også eit godt innsyn i mykje av det som har bidrege til å skape eit meir heilskapleg uttrykk for Anders Svor sitt livsverk.

Den daglege drifta

Administrasjon.

Eit eige museumsstyre har stått for den daglege drifta i flesteparten av desse 50 åra. Tid, høve og engasjement blant styreformenn og styremedlemer vart difor avgjerande for kor effektiv og nyskapande drifta ved museet skulle bli. Dei økonomiske rammene har i alle år spelt ei avgjerande rolle.

Engasjementet til Per O. Svor kom til nytte for fleire av styra fram til han døydde i 1985. Interesse for museet vart grunnlagt då han fekk overdratt rådgjevarfunksjonen etter faren, Ola Svor, i 1950. Per O. Svor var aldri leiar av styret, men engasjementet dreiv han til ei målmedvite og kontinuerlig leiting etter nye kunstverk og nye opplysningar om kunstnaren. Han var drivkrafta bak publikasjonen Anders Svor og Svor-museet i 1954, og påtok seg arbeidet med å lage Katalog over utstilte verk, som vart gjeven ut i 1982. Med sin kunnskap om Anders Svor var han ein medspelar og ein pådrivar for tiltak og utvikling ved museet.

Frå 1. oktober 1988 vart Oddvin Vonheim tilsett som tiltaks- og kultursjef i kommunen. Ein del av arbeidsområdet hans var å ha det daglege leiaransvaret for

Svor-museet. For første gong fekk museet ein fast tilsett lønna person som kunne vere sekretær for styret, følgje opp styrevedtaka, ta initiativ til nyvinningar og gjennomføre desse på ein heilt annan måte enn tidlegare.

Cecilie Thaulé Løvlid overtok funksjonen som dagleg leiar for museet på nyår 2001. Etter at ho slutta i stillinga i august 2002, har Berit Hisdal Lunde vore museet sin daglege leiar.

Omvising

Dei første åra hadde ikkje museet samanhengande opningstid, heller ikkje om sommaren. Styret engasjerte brordotter til Anders Svor, Ragnhild Strand, som budde like ved museet, til omvisar og til å ha det vanlege vedlikehaldet med reinhald og tilsyn av museet. Ved hjelp av ei ringeklokke ved museumsdøra kunne ho tilkallast når nokon ville sjå kunstsamlinga.

Ut på 1970-talet vart museet ope til faste tider om sommaren og ulike omvisarar gjorde teneste. Ofte var dette skuleungdomar. Opningstidene vart etter kvart utvida og i dag er museet ope frå kl.11.00-17.00 på kvardagar og frå kl. 13.00-1700 på søndagar, frå byrjinga av juni til slutten av august. Etter avtale er det høve til omvising også til andre tider av året. Vår og haust er det ofte besøk av skuleklassar, kunst- og pensjonistlag og privatpersonar.

Mindre utbetringar

Gjennom åra har det kome til ulike utbetringar ved bygget. Kort kan nemnast flaggstenger ved inngangen, oppvarming i kjellar og utstillingslokale, doble vindauge, innbrotsalarm, toalett for rullestolbrukarar oppe og for publikum i kjellaren, sikring med sprinklar framfor kjellarvindauge, installasjon av ventilasjonsanlegg i kjellaren, ny innreiing og nye glassmonter i museet. Tilbygg på huset, utvida parkanlegg og parkeringsplass er nemnde annan stad i skriftet.

Besøk

Besøkstala har naturleg nok gått opp og ned alt etter kor aktiv marknedsføringa har vore, omfanget av cruisetrafikken og om det har vore store arrangement eller ikkje ved museet. I toppår kan museet vise til besøk på i overkant av 3000 personar, men det vanlege besøkstalet ligg ein stad mellom 1500-2500.

Økonomi

Budsjetta, særleg dei første åra, var små og tronge og gav lite armslag for større tiltak. Noko betre vart det etter at museet kom med i ordninga for halvoffentlege museum. Den første tida var det kun små statstilskot og billettengar å lite på. Kommunale budsjettløyvingar vart ikkje særleg prioriterte dei første ti-åra, men dette har heldigvis endra seg.

Fylkeskommunalt engasjement

I 1974 kom det framlegg om at museet kunne kome inn under den nye ordninga med statstilskot for dei halvoffentlege musea, administrert av fylkeskommunen. Styret stilte seg positiv til dette, og frå 1. januar 1975 tok det nye opplegget til å fungere.

I tillegg til at dei økonomiske overføringane utanfrå auka, vart det etter krav frå fylkeskommunen no vanleg med oppsett av langtidsbudsjett. Dette gav betre oversikt over økonomien nokre år inn i framtida. Ein ser likevel eksempel på at det betra økonomiske fundamentet gjorde at styret torde å slå seg meir laus når det galdt større investeringar. Den meir forsiktige "tæring etter næring politikken" vart delvis forleten. For nokre prosjekt medførte dette manglande finansiering og tronge periodar økonomisk.

Det vart verdfullt at museumstyret ikkje lenger sto åleine i arbeidet sitt. Det fekk ei breiare kontaktflate utover, og kunne gjere seg nytte av fylkeskommunen sitt faglege forvaltningsapparat, som t.d. fylkeskonservatoren. I åra som følgde skulle dette vise seg å bli ein styrke på mange måtar.

I samband med ny reguleringsplan for området, noko som vart aktualisert ved oppføring av ny alders- og sjukeheim, var fylkeskonservator Svein Vold ein god rådgjevar. Han målbar museet sitt framtidige arealbehov på ein god måte, noko som førte til at dette vart teke omsyn til på den endelege reguleringsplanen. Etter Vold sitt syn burde nok eit endå større areal vorte avsett for Svormuseet i framtida.

Etter at museet kom med under tilskotsordninga for halvoffentlege museum, vart det frå fylkeskommunalt hald peika på at vedtektene ikkje var i samsvar med gjeldande regelverk for tilskotsordninga. Endringar vart så gjorde, og nye vedtekter tok til å gjelde frå 1986. Vedtektsendringane medførte mellom anna at styret vart utvida til fem personar, ein av desse skulle veljast av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har elles vore ein aktiv medspelar når det galdt utviding av parkområdet, museumsbygget og restaurering av kunstverk. Dersom dei framtidige planane om eit konsolidert Sogn og Fjordane Kunstmuseum vert gjennomførte, vil dette overbyggjande museet få ei avgjerande rolle for utviklinga av Svormuseet i åra som kjem.

Utviding av museumsområdet

Då museet i si tid var bygt, var det lite personbiltrafikk gjennom bygda. Etter som tida gjekk og personbilen meir og meir vart allemannseige, måtte noko gjerast for å betre parkeringstilhøva. Litt av same problemstillinga – større trong for areal til disposisjon for museet – galdt også for hageområdet. Dette kom som ei følgje av at fleire og fleire skulpturar vart støypte i bronse og plasserte i uteområdet.

I samarbeid med kommunen fekk styret i byrjinga av 1980-åra forhandla fram

festeavtaler med Reidar Kjøs på oppsida av vegen til utviding av hagen, og med Rasmus M. Kjøs på nedsida av riksvegen for opparbeiding av parkeringsplass. Noko areal tilfall også museet frå kommunen sin eigeidom i Årane.

Styret engasjerte hagearkitekt Kaarina Aas til å utarbeide ein plan for hageanlegget. Sentralt i desse planane var kunstverket Bylgja som hadde vorte støypt i bronse i 1979. Eit fonteneanlegg, slik som på Skillebekk, hørde med til dette anlegget. Eide Steinindustri på Nordmøre tok på seg å hogge dette. Det skulle vise seg vanskeleg å få fullfinansiert anlegget på grunn av meirkostnad, og dei økonomiske vanskanane dette medførte, skulle bli til mykje hovudbry for fleire styre ut gjennom 1980-åra.

Utviding av museumsbygget

Tilveksten av nye skulpturar førte til behov for utviding av museumsbygget. Økonomien gjorde tiltaket tungt å realisere. Etter kvart engasjerte fylkeskommunen seg i arbeidet med arkitekt hjelp frå Arild Wåge og med økonomiske bidrag. Det som likevel var mest avgjerande for at kommunestyret torde seie ja til planane, var nok ei stor pengegåve i 1991 på kr. 500.000,- frå den utflytte honnølen Olav L. Tomasgård i Oslo. I 1992 stod tilbygg og andre bygningsmessige endringar ferdige, og det nye anlegget kunne opnast på sommarstemnet det året. Samla kostnad var på vel 1.6 mill kroner.

Mesteparten av tilbygget i søraustenden har seinare vore nytta til separate kunstutstillingar. I tillegg har ei musikkksamling vore permanent utstilt i deler av tilbygget. Denne siste vart demontert i mai 2003. Heile tilbygget vil i framtida bli nytta til kunstutstillingar.

Større markeringar

Byste av Anders Svor, avduka 27. juni 1965. Det hadde lenge vore eit ønske at museet skulle få ei byste som viste kunstnaren sjølv. Ein av dei som hadde ivra for dette, var lærar Johan Holmøy i Oslo. Han testamenterte 5000 kr. til eit slikt tiltak.

Ørnulf Bast (1907-1974), grafikar, målar og bilethoggar, fekk i oppdrag å lage bysta av Anders Svor. Bysta skulle avdukast i samband med 100 årsdagen for Anders Svor sin fødsel den 16. desember 1964. Professor Francis Bull hadde sagt ja til å halde festtalen og avduke bysta. Både 100 års jubileet og professor Francis Bull si deltaking vart rekna som store hendingar, noko som NRK ville dekke. Av ulike grunnar vart markeringa utsett til 27. juni 1965.

Professor Francis Bull foretok avdukinga og heldt festtalen som vart overført i NRK. Han teikna eit levande og gripande bilete av kunstnaren: "...når man her i museet betrakter hans livsverk, fylles man med ærbødighet overfor en kunstnerpersonlighet som var hel og ekte i alt han gjorde." Festtalen vart utgitt i bokform

i 1970 med støtte frå Norsk kulturråd.

Statue av Tordenskiold avduka 13. september 1970. Med tilskot frå ulike hald vart skulpturen støypt i bronse og avduka i Hornindal den 13. september 1970. Tidlegare sokneprest og medlem i den første byggenemnda for Svor-museet, Nils Eide, stod føre denne avdukinga. Ved denne tilstellinga var også divisjonsmusikken til stades, likeså representantar for Marinen.

125-årsjubileum for Anders Svor 9. juli 1989. I 1989 var det 125 år sidan Anders Svor vart fødd. Dette vart markert med jubileumssamling ved museet den 9. juli. Stortingsrepresentant Lars Gunnar Lie heldt festtalen og stod for avdukinga av Forliste sjømenn som hadde vorte støypt i bronse og plassert i parkanlegget. Elles medverka Arve Moen Bergset, Honndalstausene, Hornindal spelemannslag og Rasmus Brendefur med sin eigen lydarslått "Skapande hender".

Sommarstemna. Eit av dei tiltaka som Oddvin Vonheim fekk i gang, i nært samarbeid med styreformannen, var sommarstemne ved Svor-museet i tilknytning til kulturdagane. Kjende personar innan kunst, politikk og samfunnsliv vart inviterte som deltakarar på desse stemna. Det første vart halde i 1990 og det skulle bli fleire ut gjennom 1990-åra. Stemna var populære, samla mykje folk og sette fokus på museet og kunsten der.

Opning av tilbygg og restaurering 12. juli 1992. Opning av det nye tilbygget og rehabiliteringa av det gamle museumsbygget stod i fokus på sommarstemnet i 1992. Stortingsrepresentant Hallgrim Berg var festtalar og stod for den høgtidelege opninga med å skjere av eit nasjonalfarga band med kniv. I programmet elles medverka Maria Høgetveit Berg, Linda Øvrebø, Bård Egil Eide, Unni Løvlid, Liv Merete Kroken og Einy Fauske. Svært mykje folk, truleg rundt 500 menneske, var til stades denne fine somnardagen.

50-årsmarkering av museet den 10. august 2003. Hornindal kommune og Sogn og Fjordane Kunstmuseum har gått saman om ei markering av museet i jubilumsåret. Jubileumsutstilling med bilethoggar Kjersti Wexelsen Goksøyr vart opna den 1. juni. Det vert arrangert skulpturkurs og kurs i treskjerjing, grafikk og smiing gjennom sommaren. Den 10. august vil det bli jubileumsstemne ved museet og avduking av Ein symjar ved Smia. Fylkesordførar Nils R. Sandal vil halde festtalen og stå for avdukinga saman med representant frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Kunstnarlege innslag høyrar naturleg med ved eit slikt høve.



Ørnulf Bast: Portrett av Anders Vor, 1963, Bronse, h. 59,5cm

ETTERORD

På mange måtar trur eg at dei som i si tid stod i fremste line for å få reist eit bygg for Anders Svor sin kunst, vil seie seg nøgd med det museet har vokse seg til gjennom desse femti åra.

Talet på skulpturar har auka monaleg, museet er utvida og forbetra, det same er uteanlegget. Mange kunstverk er støypte i bronse og dermed sikra for framtida. Dei fleste av desse har fått ei plassering som gjer dei ålment tilgjengelege. Offentlege midlar har etter kvart kome museet til gode og gitt drifta større handlingsrom. I skrift og på andre måtar er det spreitt kunnskap om bilethoggaren Anders Svor og arbeida hans. Publikum finn i aukande grad fram til museet, og særleg gledeleg er det at mange skuleklassar gjer seg nytte av tilbodet.

Eit stort tiltak står likevel att – å få skrive ei samlande og heilskapleg bok om bilethoggar Anders Svor og kunsten hans. Det må bli det neste store løftet. Seinast til 150-årsjubileet i 2014, men helst før, må dette verket ligge føre.



Ein symjar, 1905, bronse,
Kampens park, Oslo.
Same statue vil bli avduka ved
kommunehuset Smia 2003



Forliste sjømann, 1900/1901 (truleg), gipsoriginal 110,5 .
Bronse, naturleg storleik, Anders Svor Museum

TILVEKST TIL SAMLINGA

Da Anders Svor Museum åpnet i 1953, var museet grunnlagt på skulptursamlinga som Anders Svor etterlot seg da han døde i 1929. Skulptursamlinga utgjorde den gang i underkant av 450 arbeider, når vi tar med alle leirskisser og utkast. Museet har siden åpningen blant annet hatt til formål å ta vare på billedhoggeren sine etterlatte arbeider og få tilbake flest mulig av skulpturene, enten i original eller i avstøpning.

I løpet av de 50 år som er gått siden museet ble åpnet, har museet hatt en tilvekst til samlinga på mer enn femti nye arbeider. En stor del av tilveksten omfatter noen av Anders Svor sine mest sentrale og viktige arbeider og flere av hans største skulpturer. Det ble derfor tidlig klart at museet hadde behov for utvidelse både ved tilbygg og parkanlegg, for å romme plass til nye arbeider i utstillingen inne og i et parkanlegg ute.

Tilveksten av kunstverk har kommet i stand på forskjellige måter. Både privatpersoner og offentlige virksomheter har med årene gitt som gave, eller deponert, flere Svor-arbeider til museet. En stor og viktig del av kunstverkene er kommet til etter avisartikler om Anders Svor og oppsporing gjennom annonser hvor man etterlyste arbeider, som befant seg i andres eie, særlig i Oslo-området. Anders Svor hadde ved sin død flere kjente skulpturarbeider, som prydet parker og anlegg i Oslo og andre byer. Museet har klart å sikre seg replikker av flere av disse kjente figurene støpt i bronse, etter velvillig utlån fra eierne av skulpturene og finansiert ved offentlige midler og private gaver.

Det vil føre for langt å redegjøre for hver enkelt figur i tilveksten, men jeg vil trekke frem fem sentrale skulpturer som eksempler på museets vekst og utvikling i disse 50 år:

Svend Foyn

Allerede i 1954, bare et år etter at museet var åpnet, kom et helt billass til museet med nye gipsfigurer av Anders Svor. Det er grunn til å tro at mye av dette skyldtes oppmerksomheten knyttet til åpningen av museet, og det etterlysningsarbeid som pågikk i samme periode. En av disse gipsfigurene var Svend Foyn, om lag 2,8 m. høy. Dette var en gave i fra Norsk Sjøfartsmuseum og gipsfiguren er utkastet til Svend Foyn monumentet, som ble avduket i Tønsberg i 1915. Figuren var en god del skadet og ble lagret i Hornindal. Skadene ble senere reparert av lærer Ole Elias Kjellstad. I den forbindelse ble det, med velvillig bistand fra brannvesenet i Tønsberg, tatt avstøpning av nesepartiet på skulpturen. Monumentet er ganske



Svend Foyn, 1914, patinert gips, h: 280 cm, Anders Svor Museum

høyt og i dimensjon er skulpturen Svor sitt største arbeid.

Tordenskiold

Det verket som Anders Svor sitt navn er knyttet til på en særlig måte er utkastet til Tordenskiold-monument i hovedstaden. I dag står en bronseavstøpning av Svor sin legemstore forstudie til dette monument foran museet. Sjøhelten skuer kjekt utover Hornindalsvatnet og man kan ikke unngå å legge merke til den når man kommer kjørende riksveien. Under åpningen av museet for 50 år siden visste man ikke at dette utkastet eksisterte. Det var først i desember samme år at det kom for en dag. Billedhoggeren sin brorsønn, Per O. Svor, som hadde lagt ned et omfattende arbeid for å få museet reist, hadde også drevet et årelangt arkivstudium for å finne flere opplysninger om sin onkel og hans verker.

Etter en etterlysning i Aftenposten kom begge utkastene som Anders Svor hadde laget til Tordenskioldkonkurransen i 1890/1892 frem i lyset. Det første sto i Hærmuseets lager på Akershus festning i Oslo, det andre i trappeoppgangen i Sjømilitære Samfund i Horten. Det legemstore utkastet ble støpt i bronse og reist ved museet i 1970. Det andre og mindre utkastet fikk museet i gave fra Hærmuseet.

Som kjent vant Anders Svor konkurransen om Tordenskioldmonumentet i Oslo, men ble skjøvet til side av andre og fikk ikke utførelsen. Men i 1958 ble Svors Tordenskiold avduket i Sjømilitære Samfund av H.M. Kong Olav. I 1960 årene tok Sjømilitære Samfund opp tanken om å reise figuren også på Haakonsværn i Bergen. Takket være Tordenskioldforbundet ble tanken realisert og Svors Tordenskiold ble i 1977 avduket på Haakonsværn av H. K. H. Kronprins Harald. Vi kan gjerne se på dette som en kongelig oppreisning etter den tragiske behandlingen som ble Anders Svor til del i forbindelse med konkurransen i 1891.

Ei lita jente

Dette er et arbeid som Anders Svor lagde i 1887, da han gikk i lære i København, bare 21 år gammel. Statuetten var med i flere utstillinger og deltok blant annet på utstilling i Chicago i 1893. Etter utstillingen i Chicago kom statuetten tilbake fullstendig knust. Ved åpningen av museet i 1953, kjente man bare til et fotografi av figuren og en knust del av foten, som befant seg i samlingen. Et annet eksemplar av figuren kom imidlertid til museets kunnskap ved et heldig tilfelle i 1980. Kunstnerens brorsønn, Per O. Svor, ble ved en ren tilfældighet oppmerksom på en salgsannonse i en avis, hvor et pikearbeid av Anders Svor var tilbudt for salg. Per O. Svor tok rutinemessig kontakt med selgeren og regnet med at dette gjaldt et av Svors allerede kjente eksemplarer av kvinnefigurer. Stor var derfor overraskelsen da han oppdaget at annonsen gjaldt Ei lita jente, som var antatt tapt etter amerikarei-

sen i 1893. Per O. Svor kjøpte figuren og deponerte den til museet i 1980. Den er i dag en av museets mest betagende skulpturer og en av publikums yndlinger.

Bølgen

Figuren er et populært innslag i bybildet i Oslo. Fontenen ble avduket i Skillebekkparken i Oslo i 1920, samme året som Etter badet ved Bislett bad. Tanken om å få støpt disse figurene i bronse og plassere dem i en park ved museet, ble først nevnt i 1978. Dette var i utgangspunktet en ønskedrøm. Men så skjedde det gledelig ting: Oslo kommune stilte seg imøtekommende og private givere tok på seg kostnadene med å støpe Etter badet. Men til Bølgen hørte det med et kostbart fonteneanlegg. Begge skulpturene ble støpt i bronse og midlertidig plassert utenfor museet i 1979. Avstøpingen av Bølgen satte ytterligere fart i planene om å realisere parkanlegget og ble dermed viktig for utviklingen av museet som helhet. I dag er Bølgen den sentrale skulpturen i parkanlegget, med fontene identisk med samme skulptur på Skillebekk.

Tilveksten har sammen med den opprinnelige skulptursamlinga gjort museet til en tilnærmet komplett samling over kunstnerskapet til Anders Svor. Samlinga er derfor en sjelden kilde til forståelse og forskning omkring en kunstners person og arbeid og den inspirasjon han fikk fra strømninger og begivenheter i sin samtid.

BRONSEFIGURER, GAVER OG FOND

Da museet ble reist, var det knapt noen av Anders Svor sine arbeider i samlinga som var støpt i bronse. Skulptursamlinga besto av figurer støpt eller modellert i gips, leire eller liknende enkelt materiale. Noen vil i disse tilfellene si, at gipsen på mange måter er originalen og at man i gipsen kommer kunstneren nærmest.

Likevel er det et viktig arbeid å foreta avstøping av figurer i bronse. Dette gjelder selvsagt de kunstverkene som allerede er utplassert i parker, anlegg og institusjoner, og som er hentet hjem til museet ved nye bronseavstøpninger. Men det er også viktig å sikre gipsfigurer i bronse, og på denne måten føre skulpturarbeidet fram til et varig materiale. Slik får en bevart de viktigste kunstverkene i et solid materiale. Samtidig sikres et bredt utvalg av Svor sine arbeider i bronse av bevaringshensyn og av hensyn til å ha et godt utvalg av skulpturer som på en betryggende måte er egnet for utlån ved gjesteutstillinger andre steder.

Bronseavstøpninger er kostbart og det er vanskelig å få offentlige midler til slike formål. Til tross for dette er flere av arbeidene i skulptursamlinga blitt sikret i bronse. I tillegg til de nye bronsefigurene i tilveksten, er flere av gipsfigurene i den opprinnelige skulptursamlinga støpt i bronse og plassert i parkanlegget. Disse er i det vesentlige finansiert av offentlige midler fra Norsk Kulturråd, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Stryn/Hornindal kommuner.



Peter Wessel Tordenskiold, 1892, bronze, h: 181 cm, Anders Svor Museum

Noen av gipsfigurene er støpt i bronse ved sporadiske gaver og sponsormidler. Av større bidragsytere nevnes Lasse og Ida Råsberg, Per O. Svor, Grodås Vassverk, Rasmus O. Sætren minnegave, Norwegian Hull Club og enkeltstående anonyme givere.

I 1991 mottok museet en gave på kr. 300.000 i fra Lasse og Ida Svor Råsberg, sistnevnte brordatter til kunstneren. Pengegaven skulle nyttes til å opprette et bronsefond ved Anders Svor Museum. Bronsefondet ble etablert med eget styre. Fondets formål er å foreta støping av utvalgte arbeider av Anders Svor. Ved utvelgelsen skal det tas hensyn til skulpturenes kunstneriske betydning og samtidig søke å få bevart flest mulig arbeider i bronse.

Bronsefondet har gitt museet et økonomisk grunnlag for å etablere en systematisk og planmessig avstøping av figurer. Bronsefondet har i samråd med gipsmaktermester Trygve Hartvedt, utarbeidet et støpeprogram. Fra 1993 har Bronsefondet fått støpt i alt 19 arbeider i bronse. I tillegg er Bronsefondet en vesentlig bidragsyter, sammen med blant andre Sparebanken Sogn og Fjordane, til støping av Ein symjar, som skal avdukes ved Smia i anledning museets 50 års jubileum.

Bronsefondet vil fortsette å disponere gaven og realisere støpeprogrammet så langt midlene rekker.

VEDLIKEHOLD AV SAMLINGA

Skulptursamlinga som Anders Svor etterlot seg i Oslo ved sin død i 1929 var betydelig. Etter transport og ugunstig lagring måtte man til åpningen av museet i 1953, foreta et større konserveringsarbeid av samlinga. Ole Elias Kjellstad (1890-1969) sto for det meste av dette fagarbeidet. Han arbeidet som lærer ved Statens Håndverk- og Kunstindustriskole i Oslo, og var selv treskjærer og modellør. Kjellstad la ned en betydelig innsats ved utføringen av dette konserveringsarbeidet. Konservator Anna Stina Hals ved Nasjonalgalleriet monterte skulpturene.

I tiden etter museets åpning, på 1950 og 1960 tallet, var det Ole Elias Kjellstad museet henvendte seg til for å få bistand til nødvendige reparasjoner og konserveringsarbeid. Kjellstad var en stor beundrer av Svor, og hadde selv røtter og tilknytning til Sunnmøre og nabokommunen til Hornindal. Han var således i denne perioden en rekke ganger ved museet i sine ferier og la der ned et stort arbeid for skulptursamlinga på sin fritid. I sitt arbeid viste Ole Elias Kjellstad en betydelig evne til å leve seg inn i Anders Svor sin uttrykksform og gjenskape Svor sin utførelse på arbeid som var sterkt skadet. Kjellstad utførte et omfattende konserveringsarbeid i den første fasen av museets drift. Han var til uvurderlig nytte for Svor-samlinga i lang tid, helt fra billedhoggerens død.

Vedlikeholdet av skulptursamlinga i tiden etter at Kjellstad avsluttet sitt virke,



Ei lita jente, 1887, brent leire, måla, h: 57,4 cm, Anders Svor Museum



Bølgen, 1913, bronse, h:192 cm., Anders Svor Museum


i relativt høy alder, ble mer problematisk. Det var naturligvis ikke å forvente at kompetente fagfolk skulle fortsette å utføre konserveringsarbeid for museet ut fra interesse og dugnadsånd, slik som Kjellstad hadde gjort. Utover på 1970 tallet ble vedlikeholdet av skulpturene mer sporadisk. Det var vanskelig å få tak i den rette kompetansen på Vestlandet og det var like vanskelig å få et finansielt grunnlag for å koste innleid konservatorbistand. I denne perioden ble reparasjoner og vedlikehold utført på enkeltgjenstander der det var strengt nødvendig. I en del tilfelle ble figurer fraktet til ulike fagmiljøer i Oslo og reparert der. En av de kontaktene museet på denne måten fikk i Oslo, var gips- og stukkatormester Trygve Hartvedt, som var ateliersjef ved Vigelandsmuseet. Han påtok seg flere enkeltreparasjoner på denne tiden. Museet skulle senere få stor nytte av hans dyktighet og fagkompetanse.

I 1988 besluttet styret for museet å utarbeide en tilstandsrapport over skulptursamlinga og behovet for vedlikehold. Hensikten var å skaffe et faglig vurderingsgrunnlag for å etablere konservatorrutiner i samråd med kommunen og fylkeskommunen. Styret engasjerte gipsmaker Siri Refsum fra Oslo til denne oppgaven. På bakgrunn av denne tilstandsrapporten utførte hun en del vedlikeholdsarbeid i årene 1989-1991. Da måtte hun si fra seg oppgaven av hensyn til sitt arbeid i Oslo. Imidlertid var Trygve Hartvedt i mellomtiden blitt pensjonist. Han ble engasjert av museet og utførte prioritert vedlikehold i 1994-1996.


Styret for museet hadde i denne perioden ambisjoner om å knytte en fast konservatorordning til museet. Museumsplanen for Sogn og Fjordane inneholdt på denne tiden et mål for omfattende samarbeid mellom museene i fylket, for å samordne ressurser til konserverings- og registreringsarbeid ved museene. Anders Svor Museum var, som det eneste skulpturmuseum, imidlertid i en særstilling og med andre behov enn de øvrige museene, særlig når det gjaldt behovet for høy kompetanse innen gipskonservering. Slik kompetanse fantes knapt i regionen og det lyktes ikke å få etablert en fast og forsvarlig ordning med en gipskonservatorstilling. Kostnadene ved fortsatt vedlikehold ved leie av private gipskonservatorstillinger. Kostnadene ved fortsatt vedlikehold ved leie av private gipskonservatorstillinger. Kostnadene ved fortsatt vedlikehold ved leie av private gipskonservatorstillinger ville således bli dyrt og var derfor heller ikke et godt alternativ i lengden.

I 1997 satte media betydelig fokus på at deler av skulptursamlinga til Anders Svor var i ferd med å forvitne og at museet ikke hadde økonomi til å stanse denne utviklinga. Både fylkeskommunens satsing på samordning av museumsressursene, og ikke minst mediaomtalen, satte lys på det felles ansvar vi har for å ta vare på den nasjonale skatten i Anders Svor sin skulptursamling.

Og flere ville være med å ta ansvar. Ved hjelp av offentlig støtte fra Sogn og Fjordane fylkeskommune, Norsk kulturråd, Hornindal kommune og gaver fra blant annet Sparebanken Sogn og Fjordane og Gjensidige Forsikring Sogn og



Fange, udatert, bronse, h: 37,2 cm, Anders Svor Museum.



Dei siste pulsslag, 1895, gips, høgde 103, br. 91,5, lengde 161 cm, Anders Svor Museum

Fjordane, ble det reist kapital til å etablere et "Restaureringsprosjekt". Styret ga daglig leder ved museet, Oddvin Vonheim, oppgaven som prosjektleder. Han engasjerte Trygve Hartvedt til å ta ansvaret for den faglige utførelsen av prosjektet. Prosjektet ble delt over tre år fra 1999 til 2001. Trygve Hartvedt tok ansvaret, ledet fremdriften og utførte en tilnærmet fullstendig restaurering sammen med sine medhjelpere Bjørn Strandenes og Per Øyvind Iversen. I september 2001 kunne Trygve Hartvedt offisielt kunngjøre at skulptursamlinga var "friskmeldt".

Skulptursamlinga skulle med dette være i forsvarlig stand, alt innenfor en avveining mellom figurenes viktighet og kostnadene ved å reparere disse. Vedlikehold av skulptursamlinga er imidlertid et kontinuerlig arbeid. Det er derfor av stor betydning og en nødvendighet, at museet får knyttet til seg en fast og langsiktig konservatorordning i nær framtid. Det er å håpe at dette kan komme i stand gjennom en ny organisering av museets drift, som en del av Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

ANDERS SVOR I KUNSTHISTORIA

Bilethoggar Anders Svor var ein sentral kunstnar i si samtid. Då Svor vart fødd, i 1864, hadde kunstnarar som Søren Lexow-Hansen (1846-1919), Stephan Sinding (1846-1922) og etter kvart også Mathias Skeibrok (1851-1896) så vidt starta med sine kunstnarlege verksemdar. 1860-åra skulle syne seg å gi ei rik tilvekst av talentfulle bilethoggarar, som vi kan kalle 1860-talsgenerasjonen i norsk bilethog-garkunst. Dei fleste var i ulik grad påverka av mellom anna desse tre norske kunstnarane.

Som representant for denne generasjonen vert Anders Svor nemnd fremst i kunsthistoria saman med kollegaer som Ambrosia Tønnesen (1859-1948), Jo Visdal (1861-1923), Lars Utne (1862-1922), Gunnar Utsond (1864-1950), Valentin Kielland (1866-1944), Ingebrigt Vik (1867-1927) og Gustav Lærum (1870-1938), for å nemne dei mest kjende. Men alle desse hadde det til felles at dei på ulike måtar, rett eller ikkje, etter kvart kom i skuggen av den største, eller kanskje heller den mest suksessrike, av dei alle, Gustav Vigeland (1869-1943).

1860-tals generasjonen var på høgda av sin skapande produksjon i tiåra omkring 1900. I ettertid kan vi sjå at tida var prega av endring, eit utfordrande kulturhistorisk skifte, med nasjonsbygging, industrireiseing og markante nyskapande kunstnarlege straumdrag. Nye stilretningar fekk innpass gjennom kontakt med impulsar frå Europa. Særleg hadde fransk kunst stor tyding for norske kunstnarar, men til samanlikning var Norge kulturelt underutvikla, slik at levkåra for kunstnarane her var særst vanskelege. Det var relativt mange som konkurrerte om dei få nasjonale og monumentale oppdraga som vart prosjekterte. Ein veksande borgarklasse, med aukande trong til profilering og portrettering av eigen suksess og storskap, berga livet og kunstnarlagnaden for mange. Den borgarlege private marknaden gjorde at mange kunstnarar nærast måtte halde fram med å lage kunst i ein konservativ og etablert stil.

Hovudtrekka i Anders Svor sitt liv og virke er kjent. Eit av dei viktigaste kjeldeskriftene til eit meir inngående kjennskap til kunstnaren og kunstnarskapet er boka om Anders Svor, som brorsonen P.O. Svor og Olav Gullvåg ga ut på eige forlag i 1954.

P.O. Svor peikar på at det av ulike grunnar hadde oppstått ymse feilopplysningar om kunstnaren, noko han freista å ta omsyn til. Olav Gullvåg skreiv hovudartikelen i boka, etter inntrengjande oppmoding, fordi han sjølv hevda at han ikkje var nokon kunsteskper (P.O. Svor: A. Svor, s. 6). Men Gullvåg var ein stor beundrar

av kunstnaren. Stilmessig er artikkelen prega av den tida han vart skriven i, der formuleringar og ordtilfang var annleis enn i dag. Det kunsthistoriske fagmiljøet var lite i byrjinga på 1950-talet. Ein må difor kunne hevde at framstillinga lir av mangelfull fagleg terminologi, særleg når det gjeld omtale av kunstfaglege emner.

Eit høgdepunkt i omtalen av Anders Svor var Francis Bull sin tale i høve 100-års minne i 1965. Bull freistar gjenreise respekten for personlegdomen Svor og livsverket hans. Med sine kunnskapar og retoriske stil var Francis Bull ein institusjon som kulturformidlar. I dag ville vi kanskje karakterisere uttrykksmåten som svulstig. Han var ein kapasitet på sitt felt, men han hadde ikkje biletkunst og skulptur som sitt spesiale.

I Norsk Kunstnerleksikon (1986, bind 4) finn vi ein gjennomgang av kunstnaren sitt liv og virke og ei liste over Svor sine viktigaste utstillingar, offentlege arbeid og eit oversyn over litterære kjelder med meir. Såleis er kunstnarleksikonet ein grei introduksjon for nærare studiar.

I Norges Kunsthistorie (1981, bind 5) freistar Tone Wikborg å sette kunstnaren inn i ein generell kunsthistorisk samanheng. Framstillinga konsentrerer seg om nokre av dei offentlege arbeida og konkurransen om Tordenskiold-monumentet. Kunstnaren vert karakterisert med sine vakre plastiske idéar, men "at melankolien lå ham nærmere en gleden". Form og komposisjon vert karakterisert av ein viss stivheit. Framstillinga teiknar eit bilete av ein lite vellukka kunstnar med gode, men til dels uforløyste idéar.

Arkivmateriale om kunstnaren finnast i sentrale arkiv, mellom anna i Universitetsbiblioteket og Nasjonalgalleriet.

På grunnlag av denne fragmentariske gjennomgangen må ein kunne konkludere at den gjennomarbeidde kunstnarmonografien om Anders Svor framleis manglar. Det vil vere ei viktig oppgåve for Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Anders Svor Museum å ta initiativet til at arbeidet med ei slik bok kjem i gang.

Samlinga

Dei etterlatne arbeida etter kunstnaren er i all hovudsak å finne i Anders Svor Museum i Hornindal, men representative verk finn ein og i Nasjonalgalleriet i Oslo. Nokre arbeid er sjølvsagt framleis i privat eige. I tillegg kjem dei mange offentlege skulpturane som står plasserte fleire stader i landet.

Anders Svor sitt kunstnarskap kan i grove trekk delast inn i tre hovudgrupper etter motiv:

- 1) Portrett i form av byster, statuettar og relieff
- 2) Utsmykkingar / offentlege arbeid / fontenar
- 3) "Frie" arbeid med allegoriske / episke tema

Det er i store trekk gjort greie for samlinga, og dei fleste hovudverka er godt dokumenterte. Den viktigaste kjelda er Anders Svor Museum sin katalog over utstilte arbeid, utarbeidd av P.O. Svor i 1982. Seinare tilvekst til samlinga gjer at den meir enn tjue år gamle katalogen ikkje lenger er komplett. Nye metodar for digital registrering og nyutvikla nomenklatur for karakterisering og klassifisering av kunstverka, gjer at tida no er inne for ei nyregistrering og oppdatering av samlinga. Dette vil i seg sjølv kunne bidra til auka merksemd om kunstnaren i ulike kunsthistoriske samanheng. Med aukande fokus på tida rundt 1905 kan arbeidet kanskje opne opp for eit revidert og modernisert syn på Anders Svor sitt kunstnarlege skaparverk.

Det ligg eit vesentleg potensiale til auka kunnskap og forståing av Anders Svor sin kunst gjennom eit nærare studium av det omfattande materialet av skisser og utkast som er bevart i Anders Svor Museum. Ein slik gjennomgang vil truleg kunne bidra til å komplettere kronologien kunstverka i mellom, og dermed auke forståinga av korleis Svor utvikla sitt kunstnarlege uttrykk og seg sjølv som kunstnar. Særleg i formidlings- og pedagogisk samanheng kan det i mange høve vere verdfullt å syne korleis ideane vert utvikla gjennom kunstnarlege prosessar.

Tolkingar og nye perspektiv

Som P.O. Svor peika på i 1954 har det oppstått mange feilopplysingar om Anders Svor sin kunst. Dette har halde fram i generelle omtalar, trass i P.O. Svor sitt overtydande dokumentasjonsarbeid. Eg skal her nemne eit par eksempel.

I den vesle boka Norges Kunsthistorie (1966) skriv Leif Østby: "Anders Svor (1864-1929) har blant annet gjort Svømmeren (1916) foran Bislett Bad i Oslo og den rytmask vakre havfruefontenen ved Skillebek, dessuten en rekke offentlige statuer, de fleste preget av tidens vanlige stilløshet." Skulpturen Symjaren, som Østby nemner, står plassert i Kampen park og er datert til 1905, då han vart vist fram på Haustutstillinga. Framom Bislett bad finn vi skulpturen Etter badet, som er frå 1916.

I Norges Kunsthistorie (1981, bind 5, s.314) kan ein lese: "Den første større fonteneskulptur av en norsk kunstner som ble reist i Oslo var "Bølgen" av Anders Svor i 1914, dels kosta av kommunale, dels av legatmidler." Dette er ein sentral informasjon med ei, for Anders Svor, smigrande historisk tyding. Det kan hende forfatternen har rett, avhengig av kva ein legg vekt på. Det var offentleg debatt om skulpturen i pressa i april - mai 1915 og det kan hende at ein avtale om kjøp vart diskutert i 1914. P.O. Svor skriv at Bylgja er datert til 1913, vart innkjøpt av Oslo kommune i 1916 og avduka i 1920. Då Bylgja vart utstilt på Haustutstillinga i

1907, kan det ha vore ein versjon i gips. Det er lite tilfredsstillande at det ikkje har vore mogeleg å slå fast slike faktiske tilhøve meir presist og overtydande. Dette understrekar nok ein gong trongen for ei nærare gjennomgang av kjeldemateri-alet.

Vurderingane av dei kunstnarlege kvalitetane i Anders Svor sin kunst varierer likeins mykje. At vi finn ulike tolkingar og omtaler av Svor sin kunstnarlege utvikling finn eg rett og riktig. Det er i seg sjølv ein viktig stimulans for eit framtidig engasjement i Svor sin kunst. Ny kunnskap om ulike epokar og endra historiesyn opnar for nye vinklingar og tolkingar av kunsten og slik kan den sjåast i nye samanheng.

Einskilde forfattarar synest å meine at Svor sin kunst vert svekkja fordi han er oppteken av melankoli, tragedie, sorg og død. Saman med einsemd og tronge kår gjer dette kunsten skjemmande "spinkel og tørr i uttrykket". Eg kan godt sjå at ikkje alle verka til Svor er like forløyste i formfull plastisitet og at dette har variert mellom ulike periodar. På den annan side er det rom for å tolke denne delen av Svor sitt verk inn i ein nyromantisk tradisjon, der nettopp medvit om død og melankoli var eit framherskande tema. I ein slik kontekst vil ein kanskje lettare kunne sjå at den litt slappe formen, eller "tidens vanlige stilløshet", kan vere eit eminent uttrykk for den atmosfæra Svor søkte å oppnå. Den døyande kroppen kan visuelt aldri representere symjaren sin kontrapostiske spenst.

Det kan med andre ord stadig vere gode grunnar til å sjå nærare på Anders Svor sin kunst med nye auge og slik utvikle interesse og forståing for ein kunst, som stadig vil ha aktualitet gjennom den særmerkte kraften ein finn i eit kunstnarleg uttrykk.*Berit Hisdal Lunde :*

FRAMTIDA TIL MUSEET

Anders Svor Museum slit med å auke besøkstala, og det er no truleg tid for ei omlegging av museumsdrifta. Det er ikkje lenger nok å la museet vere eit lokalt og kommunalt føretak. Det er viktig at kunsten til Anders Svor når ut til eit større publikum.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke initiativ til ei konsolidering av kunstmusea og kunstsamlingane i fylket. Drifta av Anders Svor Museum vil med dette kome inn under ein felles administrasjon, underlagt Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Dette skjer sjølvsaft etter avtale med Hornindal kommune og styret for Anders Svor Museum. Museet skal ikkje misse den lokale forankringa, men det vil kome inn i ei ordning som kan leggje grunnlag for betre drift og marknadsføring og ein styrka profesjonalitet i formidling av Anders Svor sin kunst.

I samband med "Den kulturelle skulesekken", er Anders Svor Museum eit av musea i fylket som bør stå på ønskelista for skulane. Våren 2003 inviterte Sogn og Fjordane Kunstmuseum alle skulane i Nordfjord til Anders Svor Museum og betalte skyssen for dei som meldte seg på. Omlag 700 skulebarn var innom museet i ein periode på to veker. Dette var ei særskild ordning og opplegget fekk god respons. Det vil difor vere ønskjeleg å følgje opp slike tilbod seinare. Dette kan verte ein realitet når Anders Svor Museum kjem inn under ein administrasjon som har kapasitet til å setje i verk slike tiltak.

Likeeins er det ønskeleg å styrke felles marknadsføring av kunstmusea i fylket. Under førebuinga til 50-års jubileet for Anders Svor Museum, har Sogn og Fjordane Kunstmuseum samarbeidd med Hornindal kommune, mellom anna om marknadsføringa. Både økonomisk og administrativt har det vore ei bra ordning. Når ei konsolidering av kunstmusea i fylket vert ein realitet, vil Anders Svor Museum kome med i ein større samanheng og få ut meir informasjon om den unike kunstsamlinga til folk, både i utlandet og i vårt eige land.

Ein kan også tenkje seg at museet kan knyttast til program for kurs og konferansar innan kultursektoren. Vinteren 2002/2003 har det vore to kurs/konferansar arrangert av Norsk Kulturskuleråd i Hornindal, der Anders Svor Museum var ein del av kursopplegget. Dette syner at museet har eit potensiale når det gjeld undervisning for fleire aldersgrupper. I samband med utvikling av prosjekt til skular og kulturskular, vil det i framtida vere eit aukande behov for stader der både elevar og lærarar kan få eit møte med profesjonell kunst. Det handlar om å kunne gjere denne kunsten tilgjengeleg for alle.

Turisme gjer seg sterkt gjeldande i Nordfjord om sommaren. Dei såkalla overlandsturane med buss frå Olden, gjennom Stryn, over Grotli til Geiranger og Hellesylt, har ofte ein stopp i Hornindal. Anders Svor Museum er mykje besøkt av grupper i slike samanheng. Det vert difor hektisk i juni, juli og august. Men resten av året har det vore relativt stille på museet. Med ei god samordning av tenester og marknadsføring for kunstmusea i fylket, vil ein kunne forlenge sesongen for museet. Sommarturisme er viktig i vårt distrikt, men eit kunstmuseum har potensiale til å kunne ta i mot besøkande også på andre tider av året.

Innbyggjarane i Hornindal er med rette stolte av Anders Svor Museum. Det er ein unik kunstsatt, som må takast godt vare på. Kunsten til Anders Svor må gjerast betre kjend, slik at fleire kan få glede av å sjå noko av det finaste som har vore laga innan skulpturarbeid i landet vårt. Når den daglege drifta vert teken over av Sogn og Fjordane Kunstmuseum har vi von om ein ny giv og at ei ny epoke i museet si historie kan ta til.

Styreleiarar 1953 - 2003:

1953 - 1964: Kåre Grodås.
1965 - 1970: Ola Raftevold.
1970 - 1974: Audun Grodås.
1975 - 1979: Jørgen H. Rognes.
1980 - 1983: Atle Tomasgard.
1984 - 1985: Magne Våge / Knut Rødvik
1986 - 1987: Ragnar Kirkhorn.
1988 - 2003: Ola P. Svor.

Publikasjonar:

P.O. Svor / Olav Gullvåg: Anders Svor og Svor-museet. Eget forlag 1954.
Francis Bull: Tale i Svor-museet. Anders Svor Museum 1970.
P.O. Svor: Katalog over utstilte verk, Anders Svor Museum 1982.
Brosjyrer
Faldarar

Alfabetisk oversikt over den viktigste tilvekst i perioden:

Byster:

Bjørnstjerne Bjørnson, Brit Svor, Christian Michelsen(2), Henrik Ibsen,
L.V.Schønheyder, Ola Svor, R.A. Svor med barnebarn, Sigrid Undset,
V.A. Maribo, Vor mor.

Relieff og annen skulptur:

Bestefar lærer veslegutt, Bjørnstjerne Bjørnson, Fanny Hals, Henrik Ibsen,
Kristian Peder Soug, Kvinne og mann på ski med hund,
Kvinne med langt hår (Afrodite?), Liggende mannskikkelse (Prometevs?)
Ludvig Holberg, Olaus Hansen, Rasmus og Ragnhild Svor, Rasmus Sindre,
Sigmund K. Aarnes, Sittende mann og barn,
Thalia, Thor Hals, Tre badande systre.

Statuar:

Ein symjar, Svend Foyn, Tordenskiold

Statuettar:

Badande kvinne, Bjørnstjerne Bjørnson, Ei lita jente, Fortvila jente(2),
Ola Svor, Mann med hakke.

Tilvekst støpt i bronse:

Bølgen, Etter badet, Forliste sjømenn, Tordenskiold, Ung jente.